



www.vernkysten.no

**Olje- og Energidepartementet
v / statsråd Terje Riis-Johansen
Postboks 8148, Dep**

0033 OSLO

Molovegen 2
6083 Gjerdsvika
Telefon : 91699612
Email: hallvard@stadt.no

Gjerdsvika 9.3.2009

AD. Vindindustri – møte med statsråden.

Vyrde statsråd.

Stopp Rasering av Kysten ba om møte med statsråden den 27.november 2008. Svar på henvendelsen mottok vi først 5.mars 2009. Her vert det vist til at det er vanskelig å få møte med statsråden før i slutten av april og med spørsmål om vi kan ta møte med ein statssekretær tidlegare.

Kapitalsterke energiselskap, vindkraftindustrien og enkelte ”miljøorganisasjonar” er praktisk talt einerådande med sin saksframstilling. Ei saksframstilling og informasjon som på mange områder er mangelfull, prega av feilinformasjon, syensing og vannkunne.

Stopp Rasering av Kysten er ein upolitisk organisasjon som representerer 23 lokale grupper langs kysten, som utan statlege midlar og uten finansiering frå særinteresser forsøker å drive objektiv saksopplysning. - Vi er høyringsinstans i vindkraftsaker.

Vi har sjølvsagt forståing for at statsråden er svært oppteken i desse dagar. Likevel er vi svært forundra over at statsråden ikkje prioriterer tid til eit møte i ei så viktig sak.

Det er beklageleg at statsråden ikkje har tid ettersom vi har registrert at De har hatt tid til å møte fleire aktørar som arbeider sterkt for vindkraftutbygging, mellom anna Tafjord Kraft. Statsråden har også teke seg tid til å møte lobbyistar som har arbeidd aktivt for vindkraftindustrien over lang tid, (no også fylkespolitikarar - Oddbjørn Vatne og Olav Bratland frå M&R fylke).

Vi er kjende med at OED handsamar ankesaker om konsesjon for vindkraft, mellom anna på Møre. Det er derfor avgjerande at møtet med statsråden kan skje så snart som mogeleg. I påvente av eit møte med statsråden har vi takka ja til møte med ein statssekretær.

Vi legg til grunn at OED og statsråden har behov for å få viktige saker grundig belyst frå alle sider.

Stopp Rasering av Kysten tillet seg difor å be om at også statsråden prioriterer tid til eit snarleg møte med oss.

Vi ser fram til ei snarleg tilbakemelding.

Med venleg helsing

Landsorganisasjonen

STOPP rasering av Kysten



Hallvard L. Slettevoll
leiar